



Utv.saksnr	Utval	Møtedato
3/11	Formannskapet	25.01.2011
5/11	Kommunestyret	08.02.2011

## Handlingsplan for klima og energi for Vågå kommune

### Vedlegg:

Utkast til *Kommunedelplan for klima og energi i Vågå kommune* oppdatert januar 2011

### Saksframlegg:

Formannskapet vedtok med heimel i Plan- og bygningslova §11-14 å leggje ut *Kommunedelplan for klima og energi i Vågå kommune* til offentleg ettersyn og høyring i minst 6 veker, sak 83/2010.

Det var meininga at planen skulle opp til sluttbehandling innan utgangen av 2010, men pga svært kort tid mellom utløp av høyringsfrist og siste kommunestyremøte før jul, kom ein fram til at det ville vera nyttig å ha litt betre tid til å gå gjennom alle høyringsuttalane med tanke på behov for eventuelle endringar i plandokumentet som skal leggjast fram for kommunestyret til sluttbehandling.

### Innkomne høyringsuttaler og merknader til desse:

Randi Bjørnstad har gjeve ein fyldig uttale ved e-post den 17.11.10. Ho meiner at utkastet til kommunedelplan inneheld mange gode tiltak, men etterlyser innarbeiding av ulike innspel som ho sende inn saman med fire andre i oppstartfasen. Rådmannen meiner at innspela er teke omsyn til i nokså stor grad. Uttalen frå Bjørnstad er for omfattande til å referere, og følgjer som vedlegg i saka.

### Merknader til ulike tema som Bjørnstad kjem inn på i uttalen:

Energibruk og -produksjon: Forslag om tilskottsordning ved kjøp av nye solcellepanel/apparat må sjåast opp mot kommuneøkonomien. Ein ser det ikkje som realistisk å kunne løyve tilstrekkelege midlar til dette, og for frittliggande hytter vil vel solcellepanel uansett vera eit langt rimelegare alternativ enn straumframføring. Rådmannen finn det elles ikkje rett å gje tilskott til fritidsbruk. Forslaget om å leggje avgift på "*Sløseri-forbruk*" av straum (t.d. i hytter og fritidsboligar) manglar heimel for gjennomføring. "Spar straum"-dagar kan vera ein del av det haldningsskapande arbeidet.

### Avfallshandtering:

-Forslag om bruktbuikk på miljøstasjonen er i ein viss grad gjennomført, ved at det er etablert ei ordning med nettbutikk for gjenbruk av varer.

- Det er forslag i planen om eit Vågå-handlenett for utdeling til husstandane, men ellers utgjer ikkje plastposar eit slik volum at dette er det største problemet ein må gripe fatt i. Men eit nett kan setja fokus på unødig forbruk av posar og fungere som profilering.
- Tiltak for auka sortering er teke inn i pkt. II a)-c) i handlingsprogrammet. Det er ikkje aktuelt å skifte renovasjonsselskap. NGR er norddalskommunane sitt eige selskap, der det er opp til dei 6 sjølve å setja framtidige mål og tiltak for miljøvennleg avfallshandtering. Ein må såleis arbeide for endringar innanfrå framfor å skifte selskap.
- Spørsmålet om Vågå kan bli den fyrste kommunen med "Reklame Ja Takk"-ordning (D.v.s. at ein kan bestille reklame i staden for å måtte seia nei takk viss ein ikkje ønskjer reklame) er opp til innbyggjarane. Kommunen kan berre oppfordre, men ikkje påleggje privatpersonar å avvise reklame.

#### Jord- og skogbruk:

Forslag om å *stimulere til økologisk drift* har ikkje nokon spesiell klimaeffekt, jf. fagartiklar på temaet. *Skogbruk utført med hest* er lite realistisk i stor skala, og har neppe den store klimaeffekten da hesten bidreg til utslepp – også utanom driftsperiodane. Arbeidsgruppa for klimaplanen har vald å prioritere tiltak som har klimaeffektar, og ser ikkje økologisk drift som eit relevant spørsmål i klimasamanheng.

Transport står for ein stor del av samla utslepp, og Bjørnstad meiner at *alle innbyggjarane i kommunen* (ikkje berre kommunetilsette, som det er fokusert mest på i planen) må motiverast til auka bruk av kollektivtrafikk, gange, sykkel og samkjøring. Her har kommunen ei viktig oppgåve, både som førebilete og som aktive haldningsendrarar og tilretteleggjarar. Rådmannen er heilt samd i dette, og viser til tiltak V a) og c) i planen. Tiltak retta mot eigne tilsette (pkt. kommunal verksemd) kan også danne ein praksis som kan fungere som førebilete – og såleis bidra til å spreie positive haldningar.

Forslaget om å auke prisen på årsavgifta for bil nr. 2 for å motivere for berre ein bil per husstand, manglar heimel for gjennomføring, og det vil i praksis vera svært vanskeleg å ha kontroll på kva bilar som tilhøyrrer same husstand til kvar tid.

Miljøprofil på Vågå kommune for å trekkje til seg nye etablerarar og turistar gjeld tiltak som må skje i den enkelte verksemda. Bjørnstad ønskjer at Vågå satsar på:

- *Forgjengarar på økologisk landbruk.*
- *Større satsing på "øko-turisme":* T.d. selja tog/bussbilletter saman med hotellopphald.
- *Satsing på miljøvennleg mat (lokalt produsert, økologisk mat) ved serveringsstader.*

Rådmannen viser til at Vågå har gjeve støtte til miljøfyrtårnsertifisering, og dette er ei tilrettelegging som kan motivere bedrifter til å gå gjennom eiga verksemd og arbeide for å skape ein miljøprofil.

Andre tiltak som klimarapportar og analysar vil bli nærare vurdert, men rapportering ut over det ein alt er pålagt vil vera ressurskrevjande. Det er lagt opp til jamleg rullering av klima- og energiplanen for vurdering av effekt av tiltak, og rådmannen vil til kvar tid vurdere kva analysar som er nødvendige.

Miljøpris kan vera ein fin måte å setja fokus på miljøarbeidet, men ein slik pris bør kanskje ha ein breiare basis enn berre det klimarelaterte. Bør inkludere generelle miljø-, natur- og kulturminnetiltak som grunnlag for ei tildeling, for å unngå at for mange spesifikke prisar i eit lite lokalsamfunn.

#### NVE, brev datert 24.11.10:

*"Planen er en kommunedelplan. I planen er det vist til "Statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging i kommunane" og lokale energiutredningar, dette er bra.*

*Vågå kommune har fokusert mye på hvordan man kan redusere lokalsamfunnet sin påvirkning på klimaet, og det er viktig. NVE mener at man i tillegg bør ha med et kapittel der man ser på naturfarer på grunn av klimaendringer som tema i planen. Fra 01.07.2010 er grenseverdiene for nominelt årlig sannsynlighet for flom- og skredfare fastsatt i byggtেকnisk forskrift (TEK10 kap.7).*

*Kpt 5.7.2 Vasskraft bør henvise til kravet om behandling av denne type tiltak etter vannressurslovens bestemmelser om konsesjon (§8).*

*NVE ber om at våre merknader tas til følge og har ikke flere merknader til planframlegget."*

Kommentar: Merknader frå NVE vert innarbeidde i planen.

- Naturfarar får ein kort omtale under kap. 2 Klimautfordringane: Nytt underkap. 2.4 *Naturfarar på grunn av klimaendringar*. I handlingsprogrammet pkt. I d) set ein inn eige strekpunkt for Vurdering av klimatilpassingar i arealplanlegginga.

- Kap. 5.7.2 – tillegg:

*”Reglane i vassressurslova om konsesjon (§8) stiller krav til behandlinga av denne typen tiltak”*

Fylkesmannen i Oppland, 25.11.10: Fylkesmannen ser det som positivt at Vågå kommune har utarbeidd klima- og energiplan, og gjennom denne viser vilje til å bidra til energiomlegging og reduserte utslepp av klimagassar. Planen vert vurdert å ha ein oversiktleg struktur, og er tiltaksorientert. Fylkesmannen meiner at Vågå kommune sin klima- og energiplan i hovudsak er i tråd med *Statlig planretningslinje for klima - og energiplanlegging i kommunene*.

Når det gjeld mål viser Fylkesmannen til følgjande:

*”Når det gjeld nasjonale mål (kap. 2.3) bør det visast til dei reduksjonsmåla som er sett gjennom regjeringa si klimamelding St.meld. nr. 34 (2006 - 2007) Norsk klimapolitikk og Stortinget sitt klimaforlik. Nasjonale miljømål er mellom anna å finne på [www.miljostatus.no/klima](http://www.miljostatus.no/klima)*

*Hovudmål gitt i kap. 4.1 er av overordna karakter og seier at kommunen skal bidra aktivt til at nasjonale mål blir nådd innan m.a. energiomlegging, energiøkonomisering og reduksjon av klimagassutslepp, medan delmåla inneheld ei nærare konkretisering. Delmålet for energiomlegging og energieffektivisering er sett til 15 prosent redusert straumforbruk i kommunale bygg, næringsbygg og private bustader innan 2015. Målet er talfesta og tidfesta, men det bør presiserast kva som er utgangspunkt for berekna reduksjon. Kommunen bør også vurdere å setje konkrete mål for energibruk i eigne bygg.*

*I delmålet for reduksjon av klimagassutslepp heiter det at kommunen skal bidra til at nasjonale mål om 30 prosent reduksjon innan 2020 blir nådd. Vi etterlyser meir konkrete mål som viser kva ambisjonsnivå kommunen har for å redusere eigne utslepp, og kor stor reduksjon som kan forventast frå hovudkjelder som oppvarming (stasjonær forbrenning), transport (mobil forbrenning) og landbruk (prosessutslepp). Slike delmål bør byggje på ei konkret vurdering av kva som er rimeleg å oppnå ut frå dagens situasjon og tilgjengelege verkemiddel.*

*I delmålet for betre ressursutnytting heiter det at produksjon og sal av rein fornybar energi bør aukast med 30 prosent innan 2020, og at det skal vere ei forsterka satsing på bioenergi. Også her bør det presiserast kva som er utgangspunkt for samanlikning. Vi tilrår at mål blir formulert på ein eintydig måte som gjer dei etterprøvbare i forhold til tilgjengelege data. Det bør vurderast å velje ut nokre måleindikatorar som kan følgjast opp årleg for å sjå om utviklinga går i ønska retning.”*

#### Merknad:

Planteksten blir gjennomgått og konkretisert når det gjeld mål. Som utgangspunkt er det tenkt 2009, som er nyaste tilgjengelege data ved utarbeiding av planforslaget.

Fylkesmannen meiner at tiltaksdelen av planen er oversiktleg og inneheld ein gjennomgang av aktuelle tiltak og verkemiddel innanfor 8 tiltaksområde. Om tiltaka står det m.a.:

*”Tiltaksdelen inneheld mange gode og relevante tiltak, og Vågå kommune ser ut til å ha ei realistisk og praktisk tilnærming til kva kommunen kan få gjort i kraft av si rolle som samfunnsutviklar og innafor eiga verksemd. Det er positivt at Vågå kommune legg opp til aktiv bruk av planverket for å sikre tilrettelegging av miljøvennlige energiløysingar i plan- og byggesaksbehandling. Planen har mål om å etablere fjernvarmeanlegg i kommunesenteret innan 2011, noko som gjer at fleire kommunale bygg kan knytast til anlegget. Dersom det blir etablert fjernvarmeanlegg, kan kommunen stille krav om tilknytingsplikt for bygg innanfor konsesjonsområdet.*

*Vedlagt oversikt over kommunale bygg og anlegg, viser at kommunen alt har gjennomført fleire tiltak for energieffektivisering og energiomlegging i eigen bygningsmasse. Vidare tiltak vil gjennomførast i samsvar med eige handlingsark jf. opplysning i handlingsprogrammet. Vi tilrår at kommunen set konkrete krav til energieffektivitet og spesifikt forbruk ved ombygging og nybygg, og gjennomfører energimerking av eigne bygg jf. forskrift om energieffektivitet i bygningar.*

*Planen inneheld tiltak for å stimulere til energieffektivisering i private hushaldningar og næringsbygg ved informasjon og tilgang til termofotografering. Dette er positivt. Vi etterlyser ei vurdering av tiltak retta mot fritidsbustader. Tal for energibruk (kap.3.1) viser at det er fritidsmarknaden som står for størst auke i el-*

forbruk, noko som er forklart med utbygging av høgstandard fritidsbustader. Det bør drøftast i kva grad det er ønskjeleg å opne for oppgradering av alle eldre hytter til moderne standard, eller om enkelte område ligg slik til at det må reknast med enklare standard med bruk av solcelleanlegg og biobrensel — framfor etablering av heilårsveg og straumframføring.

Planen har eit realistisk forhold til kva som er mogleg å gjere, i alle høve på kort sikt, innan jordbruket. For å gi litt meir utfyllande informasjon om aktuelle tiltak, kan ein her ta inn meir statistikk over dyretal og struktur i jordbruket. Med struktur meiner vi storleik på dei einskilde føretaka og kor dei er lokalisert. Dette vil gi eit bilete av kva for moglegheiter som kan liggje i til dømes biogassanlegg ut frå dei rammevilkåra vi kjenner i dag.

Planen seier lite om bruk av tilgjengelige verkemiddel som kommunen rår over i dag. Kommunen kan gå meir aktivt ut og sjekke at gjødslingsplanar er på plass og at dei følgjer nye normer og krav for gjødselbruk, inkl. husdyrgjødsel. Statistikken som blir utarbeidd vil og kunne vise andre utfordringar som bør komme på tiltakssida. Eksempel her er å få ein størst mogleg del av all jordarbeiding flytt til vår og vekstsesong. Kommunen kan også gjere ei vurdering av nydyrking med tanke på at det ikkje bør dyrkast opp myrjord. Verkemiddelet her er rådgjeving, og om kommunen har eigne tilskott, så bør ikkje dyrking av myr bli prioritert.

Under tiltaksområdet transport og samferdsel saknar vi ein meir tydeleg strategi for samordna areal- og transportplanlegging. Val av utbyggingsmønster har generelt stor innverknad på transportbehovet, både når det gjeld lokalisering av bustader, hytter og næringsverksemd. Fortetting i sentrumsnære område for å redusere transportbehovet til daglege gjeremål, og tilrettelegging for mest mogeleg trygg og miljøvennleg transport, bør derfor vektleggast.

Vegtrafikken utgjør om lag halvparten av klimagassutsleppa i Vågå. Sjølv om ein stor del skuldast gjennomgangstrafikk, er det viktig at kommunen tek i bruk fleire verkemiddel for å redusere utslepp frå lokal transport. Gang- og sykkelveggar er eitt av fleire tiltak som er nemnt i planen. Dette kunne vore følgt opp med ei nærare vurdering og prioritering av konkrete strekningar i handlingsprogrammet.

Det ser ut til at alle omtalte tiltak i kap. 5 er tatt med i handlingsprogrammet i kap 6. Ein del av tiltaka gjeld forhold som skal vurderast eller utgreiast, medan andre skal innarbeidast i saksbehandling og driftsrutinar. Ein del tiltak er svært generelt utforma. Ei svakheit ved handlingsprogrammet er at ein del av tiltaka er lite konkretiserte, at kostnader forbunde med gjennomføring ikkje er vurdert, og at ansvar for gjennomføring i liten grad er plassert internt i kommunen. Det er dermed fare for at tiltakslista blir lite forpliktande. Vi saknar ei klarare prioritering og klargjering av kva som faktisk skal gjennomførast i planperioden. Det er elles uklart om handlingsprogrammet gjeld for fleire år, eller om det skal rullerast årleg.

I handlingsprogrammet er ingen av tiltaka synleggjort med forventet effekt i form av redusert energibruk eller reduksjon av klimagassutslepp rekna i CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Vi er klar over at dette kan by på vanskar ut frå manglande tilgang på datamateriale. Vi vil likevel tilrå at kommunen så langt som råd forsøker å talfeste og dokumentere effekt av gjennomførte tiltak.”

#### Merknader til endringsforslaga:

- Kommunen har vald å ikkje stille krav om tilknytning for bygg innan konsesjonsområdet for fjernvarmeanlegg, da dette også medfører forpliktingar som kan vera vanskelege å etterkoma i alle marknadssituasjonar.
- Energieffektivitet og energimerking har i dag sterkt fokus i byggesaksforskrift og forskrift om energimerking, og til kvar tid oppdaterte føringar er betre å forhalde seg til enn eigendefinerte indikatorar.
- Tiltak retta mot fritidsbustader vert nærare vurdert i samband med rullering av arealdelen, der vurdering av soner utan moderne infrastruktur i medhald av Plan- og bygningslova § 11-9 nr. 3 kan vera relevant tema. Dette vert konkretisert i pkt. Id) i handlingsprogrammet.
- Rådmannen ser ikkje grunn for å gjera planen meir omfangsrik ved å ta inn meir statistikk over dyretal og storleik og lokalisering av dei einskilde føretaka berre for å synleggjera eit bilete av kva moglegheiter som kan liggje i til dømes biogassanlegg ut frå dei rammevilkåra vi kjenner i dag. Dette er tilgjengeleg kunnskap ved landbrukskontoret, som enkelt kan hentast fram for eventuell vurdering av biogassanlegg eller andre tiltak.
- Å unngå oppdyrking av myrjord kan takast inn som pkt. IIIc), men omfang av mogleg dyrking av myr i Vågå er avgrensa, slik at effekten blir ikkje særleg stor.
- Å talfeste reduksjon av klimagassutslepp rekna i CO<sub>2</sub>-ekvivalentar vil i første omgang ikkje få noko særleg høgt presisjonsnivå, men ein vil arbeide vidare med dette etter kvart som talmaterialet vert betre. Om ikkje heile planen vert rullert årleg så vil kommunen leggje fram årlege rapportar for eiga verksemd på område omfatta av miljøfyrtårnordninga (t.d. for utslepp frå kommunale kjørety, kjeldesortering, m.m.)

## Oppland fylkeskommune, uttale datert 30.11.10:

Fylkeskommunen meiner at det i utgangspunktet er ein god plan, med rett fokus når det gjeld dei utfordringane Vågå kommune står overfor i klima- og energirelaterte spørsmål. Fylkeskommunen har følgjande merknader knytt til moglege forbedringspunkt:

### *"Energibruk og klimagassutslipp i Vågå*

*Når det gjelder faktadelen om energibruk klimagassutslipp i kommunen gir denne et godt overblikk. Det er positivt at framstillingen av dagens situasjon baserer seg på et relativt ferskt grunnlagsmateriale. I kommunedelplanen bør det under kapittel 3.1, første figur fremkomme om denne gjelder energi til oppvarming (stasjonær forbrenning) eller generelt energiforbruk. Slik det er fremstilt i teksten virker det som om det er den totale energibruken det er snakk om, men dette ser ikke ut til å stemme med SSB sine tall - - - Dersom tallene fra AS Eidefoss sin utredning kun omhandler energi til oppvarming (stasjonær forbrenning), bør kommunen få tak i tall som kan illustrere den totale energibruken i kommunen. Det virker lite sannsynlig at energibruken fra transport er inkludert i tallmaterialet fra AS Eidefoss. Transportsektoren er en av de største bidragsyterne til klimagassutslipp i fylket som helhet, og det er svært viktig at tall fra denne sektoren legges frem i planen. Dersom også andre sektorer, for eksempel jordbruk, er utelatt fra materialet, bør det vurderes om annet materiale bør brukes for å illustrere nåtilstanden i Vågå kommune."*

Merknad frå saksbehandlar: Ser at det er uklart på dette punktet i høyringsutkastet, så planen vert oppdatert ved å presisere at energiuttreinga det er vist til i kap. 3.1. i høyringsutkastet berre omfattar stasjonær energibruk. Kapittel 3 vert supplert data for total energibruk, henta frå SSB.

Vidare skriv fylkeskommunen:

*"I henhold til planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene av 4. september 2009 bør denne typen planer inneholde en fremskrivning av utslippene i kommunen dersom nye tiltak ikke gjennomføres. Fremskrivningsperioden bør være minst ti år. En slik fremskrivning savnes i oversendte plan. I tabellen med tittelen "Potensialet for småkraftverk i Vågå..." vises fire mulige utbygginger med mellom 417 og 979 kW installert effekt. Vi ønsker å presisere at små kraftverk deles inn i tre kategorier etter installert effekt: mikrokraftverk (<100 kW), minikraftverk (100-1000kW) og småkraftverk (1000-10 000 kW). Alle utbyggingene som er nevnt i planforslaget er altså minikraftverk. I saksframlegget som er vedlagt følgebrevet til planforslaget er det snakk om småkraftverk og mikrokraftverk. Vi ber om at dette klargjøres i den endelige planen."*

### *Kommunale mål for klima- og energiarbeidet*

*Generelt sett kan delmålene som er skissert i planen med fordel konkretiseres ytterligere om mulig. Der det er mulig å sette etterprøvbare mål, bør dette vurderes gjort for å sørge for en sterkest mulig ansvarliggjøring, og for i større grad å muliggjøre måling av måloppnåelse og evaluering av tiltakenes effektivitet.*

*Kommunens eget ansvar for å redusere klimagassutslipp kan med fordel synliggjøres ytterligere. Det nevnes bl.a. en egen oversikt over energibruk i kommunale bygg med tiltaksplan. Oversikten er vedlagt planen. Dersom deler av oversikten, eller tiltaksprogrammet som ikke er vedlagt inneholder konkrete mål hva gjelder tidshorison for, og forventet effekt av de skisserte tiltakene, kunne disse med fordel vært løftet fram i planen. Dersom slike mål ikke finnes, bør kommunen søke å utarbeide slike mål for ytterligere å synliggjøre sitt eget ansvar og gå foran som et godt forbilde.*

### *Tiltak*

*Det pekes på at utbygging av fritidsboliger er årsaken til den dramatiske økingen i strømforbruk til fritid. Dette er helt sikkert i stor grad riktig, men vi vet samtidig at den enkelte hytteeiers strømforbruk har endret seg de siste årene. Det burde derfor vurderes om man kan komme fram til tiltak innenfor energiomlegging og -effektivisering spisset mot brukere av fritidsboliger i kommunen.*

*Det er positivt om kommunene i regionen kan få på plass en felles "bil-policy". Tiltak knyttet til egen bilpark bør være tydelige, og offensive. For eksempel kan man vurdere mål om et visst antall EL-biler i kommunens bilpark innen 2015, maks antall gram CO2 utslipp per km for kommunale kjøretøyer som anskaffes osv.*

*Vi ser positivt på satsingen på bioenergi gjennom et skissert fjernvarmeanlegg i Vågåmo, som det allerede foreligger reguleringsplan og forprosjekt for. Forslaget om å etablere en kommunal tilskuddsordning for å stimulere til overgang til oppvarming ved hjelp av bioenergi samt energiøkonomiserende tiltak i private husholdninger vil også kunne være et viktig tiltak.*

### *Handlingsprogram*

*Handlingsprogrammet gir en ryddig og god oversikt over de aktuelle tiltakene og hvem som er ansvarlige for gjennomføring. Fylkeskommunen anbefaler at det arbeides med prioritering av disse tiltakene, samt fastsetting av tydeligere tidsfrister for tiltaksgjennomføringen. Det kunne også med fordel vært en tydeligere sammenheng mellom handlingsplanen og målene som er presentert tidligere i planforslaget.”*

#### Merknader til uttalen:

Planteksten blir gjennomgått og konkretisert på område der dette er påpeika og der ein har data som gjer at ein kan talfeste mål og tiltak på ein betre måte. Forholdet til kraftverk og utbyggingspotensial blir korrigert i tråd med merknadene.

#### Vågå ungdomsråd, 01.12.10:

Ungdomsrådet har følgjande innspel til klima/energiplanen med tanke på kva dei meiner er viktig:

- *Eit godt og billig kollektivtilbod (buss)*
- *Samle all kjeldesortering på ein stad slik at ein slepp kjøre mange stader for levering, da dette er lite miljøvenleg*
- *Bra gang- og sykkelvegmuligheter i sentrum*

Merknad: Eit godt og rimeleg kollektivtilbod betyr særleg mykje for dei som ikkje disponerer bil sjølve, og dersom dei unge opplever eit velfungerande tilbod vil det truleg bidra til at kollektive reisetilbod kan bli vald også seinare i livet. Opplandstrafikk har eit rimeleg ungdomskort som gjev rett til reise på alle fylkeskommunale ruter til ein månadspris på 210 kr. Utfordringa er rutetilbodet, da kortet ikkje gjeld ekspressbussane, som supplerer det fylkeskommunale tilbodet med m.a. natttruter. Rådmannen oppfordrar politikarane til å ta opp med fylkeskommunen om den kan bidra til etablering av ei avtale med transportselskapa for at ungdomskortet skal kunne gjelde ekspressrutene, eller i alle fall gje grunnlag for ekstra rabatt.

Spørsmål om best mogleg tilrettelegging for kjeldesortering må takast opp med NGR, i lys av dagens utfordringar når det gjeld ressursbruk og klimagassutslepp.

Gang- og sykkelveggar vert vurdert som eit viktig førebyggjande tiltak mot trafikkulykker, og kommunen har fokus på dette i arealforvaltninga. Det er teke initiativ overfor Statens Vegvesen når det gjeld gang- og sykkelveg langs Skogbygdsvegen. Det blir sett av areal for framtidig utvikling av tilbodet så langt det er råd, men gjennomføring er heile tida avhengig av ressursar til utbygging.

#### **Vurdering:**

Dei innkomne innspela og uttalene i planarbeidet viser at det er eit fåtal som engasjerer seg aktivt i klimaspørsmålet, og at dei som gjer det har høgt engasjement og god kunnskap om temaet. Ei utfordring for kommunen blir å få engasjement og handling frå fleire gjennom det handlingsskapande arbeidet. I dette arbeidet blir det viktig å fokusere på konkrete og overkommelege oppgåver som den enkelte føler han/ho kan gjennomføre – t.d. auka bruk av kollektivtransporttilbod og kjeldesortering.

Planteksten blir gjennomgått med nødvendige korrigeringar og suppleringar ut ifrå det som er påpeika av høyringsinstansane, jf. merknader til dei innkomne uttalene .

For tilskottsordningane blir det avsett eit beløp for 2011 i samband med rekneskapsavslutninga, og deretter innarbeidd i årsbudsjett for åra 2012→. Det vert utarbeidd tydelege retningsliner for søknader i samband med kunningjering av ordningane.

**Rådmannens innstilling:**

*Kommunedelplan for klima og energi i Vågå kommune* blir godkjent.

For tilskottsordningane blir det avsett eit beløp for 2011 i samband med rekneskapsavslutninga, og deretter innarbeidd i årsbudsjett for åra 2012→.

Det vert utarbeidd tydelege retningsliner for søknader i samband med kunngjering av ordningane.

**Saksprotokoll i Formannskapet - 25.01.2011****Behandling:**

Samrøystes

**Vedtak:**

*Kommunedelplan for klima og energi i Vågå kommune* blir godkjent.

For tilskottsordningane blir det avsett eit beløp for 2011 i samband med rekneskapsavslutninga, og deretter innarbeidd i årsbudsjett for åra 2012→.

Det vert utarbeidd tydelege retningsliner for søknader i samband med kunngjering av ordningane.

**Saksprotokoll i Kommunestyret - 08.02.2011****Behandling:**

Samrøystes

**Vedtak:**

*Kommunedelplan for klima og energi i Vågå kommune* blir godkjent.

For tilskottsordningane blir det avsett eit beløp for 2011 i samband med rekneskapsavslutninga, og deretter innarbeidd i årsbudsjett for åra 2012→.

Det vert utarbeidd tydelege retningsliner for søknader i samband med kunngjering av ordningane.